

## Ranglefant får flyøyve

Matias Myklebust i Ranglefant har søkt Volda kommune om løyve til motorisert ferdsel i utmark. Søknaden gjeld helikoptertransport i samband med eit filmprosjekt, tidfesta til ti timar i løpet av perioden 22.02-22.03.2021. Formålet med transporten er transport av personell og utstyr i samband med innspeling av eit filmprosjekt i Sunnmørsalpane. Det er søkt om landingsløyve på ti fjelltoppar i Volda kommune: Sandegga, Sunndalsnipa, Risenosa, Jakta, Salefjellet, Holshornet, Kårdalstindane, Bjørkehornet, Storhornet og Rokkekjerringa. Det er behov for eit fleksibelt tidsløyve då transporten og filminga må gjerast i optimale forhold.

— Volda kommune gir med dette løyve til omsøkt transport og landing med helikopter på ovannemnde fjell i perioden 22.02-22.03.2021. Ein legg til grunn at flyginga skal gjennomførast innanfor tidsramma på ti timar, fordelt på fem dagar innan perioden. All motorisert ferdsel skal utførast så omsynsfullt som mogleg, for å unngå skade og ulemper for naturmiljø og menneske, skriv Volda kommune i sitt svar.

## Vil avle sauer og alpakaer

Ei kvinne har teke kontakt med Ørsta kommune med spørsmål om det finnst gardar til sals i kommunen. Kvinna har sett fleire forlatne gardar, men berre ein gard offisielt til sals på Finn.no. Kvinna vil gjerne avle sauer og alpakaer og eventuelt legge til rette for turistutleie.

## Hjortekadaver på Vartdal

Eit ektepar var ute og gjekk inne i marka på Nordre Vartdal då dei fekk sjå ein del ramnar nede i vegen. Dei fann ut at dei ville sjå kva dei rota i, og då dei kom ned til plassen viste det seg at det låg fullt av hjorteskinn og bein. Paret spør Ørsta kommune om dette er lovleg, og om kadaveret bør fjernast.

## Ørsta fleirbrukshall får spelemidlar

Møre og Romsdal fylkeskommune vil dele ut kroner 7.189.000 kroner til Ørsta fleirbrukshall, dette vart vedteke i kultur-, næring- og folkehelseutvalet. Ørsta kommune har stadfesta at anlegget er ferdig og teke i bruk. Inntil sluttrapportering ligg føre kan fylkeskommunen betale ut inntil 85 prosent av tilskotet. Kulturavdelinga vil med det første overføre 6.110.000 kroner til Ørsta kommune.

# Volda rideklubb og Sparebanken Møre: Har inngått hovudsponsoravtale



\* Volda rideklubb er glade for støtta frå Sparebanken Møre. Den nye ridehallen betyr mykje for medlemmene. Banksjef Mette Ryste kom med ein gavesjekk på 100.000 kroner søndag. Banken har også inngått ein hovudsponsoravtale med klubben. Styreleiar i Volda rideklubb er Edle Holmin.

— Vi har sett den innsatsen Volda rideklubb har lagt ned i både drifta og i å få bygd ridehall. Alle timane dei har vore ute i sludd og regn. Vi er imponerte over drifta og hallen, og vil hylle dei med økonomisk støtte og ein tidsavgrensa sponsoravtale, seier banksjef Mette Ryste i Sparebanken Møre.

Styreleiar Edle Holmin i Volda rideklubb er svært glad for denne støtta frå Sparebanken Møre. Då banksjef Mette Ryste besøkte ridehallen søndag og hadde med seg ein sjekk på 100 000 kroner, hadde ho dette å seie:

— Dette er utruleg kjekt og stort for oss, vi har aldri hatt ein slik hovudsponsoravtale før. I tillegg til økonomisk støtte skal vi ha ein dialog med banken, og vi kan ta kontakt med dei om det er noko som dukkar opp. Det er fint å ha dei i ryggen. Volda rideklubb har no 120 medlemmer.

### Fokus på berekraft og miljø

Banksjefen fortel at halvparten av overskotet til banken skal nyttast til å støtte gode tiltak i nærmiljøet. I avtalen mellom Volda rideklubb og Sparebanken Møre har dei skrivne under på at dei skal ha fokus på berekraft og miljø. «Fair



\* Styreleiar i Volda rideklubb tek i mot sjekken på 100.000 kroner frå deira nye hovudsponsor Sparebanken Møre ved banksjef Mette Ryste. I bakgrunnen nokre av dei unge medlemmene.

play», som er eit vanleg omgrep innanfor fotballen, skal også ha fokus.

— Vi skal følgje kvarandre opp og snakke fram kvarandre, seier Ryste.

### Ridehall etter 25 år

Volda rideklubb vart stifta for 25 år sidan. Det var Ingmar Wangen som etablerte klubben.

— Det er veldig bra at banken støttar opp. Bankane er forplikta til å gi noko tilbake til samfunnet. Dette er eit tiltak som aukar livskvaliteten til born og unge i

kommunen. Dette set vi veldig stor pris på, seier Wangen. Barnebarnet hans, Anna Marie Wangen Mork, er no ungdomsrepresentant i styret. Nestleiar er Liv Jorunn Nyhagen.

Styreleiar Holmin fortel at dei opp gjennom åra har hatt to ulike ridebaner før dei etablerte seg på Vollane ved Rotevatnet.

### Vidare planar

Bygginga av ridehallen starta i juni/juli i 2020. 22. desember var den første rytteren inne i den flotte kaldhallen. I løpet av 2021 skal

klubben bygge eit isolert klubbrom. Planane vidare er å få bygt ein klubbstall med ti faste bokser ved sidan av hallen.

— Det er mangel på stallplassar i Volda. Når denne kjem på plass vert forholda endå betre for ride-miljøet, seier Holmin.

Ridebana ute kjem framleis til å bli nytta på dagar med fint vær. Den offisielle opninga av ridehallen blir når det er mogleg. Det kjem an på gjeldande koronareglar.

✉ INGVLIND RUNDE



\* Sparebanken Møre har gitt refleksvestar til medlemmene i Volda rideklubb.



\* Banksjef i Sparebanken Møre, Mette Ryste, høgt på hesteryggen til Bakkens Odin. På biletet ser vi elles ungdomsrepresentant i styret i Volda rideklubb, Anna Marie Wangen Mork, styreleiar i Volda rideklubb Edle Holmin, Ingmar Wangen som stifta klubben i 1996 og nestleiar Liv Jorunn Nyhagen.